

BATAKKYRKJA PÅ SUMATRA 100 ÅR

av

AUDUN TANG

I oktober 1961 høgtida Batakkyrkja på Sumatra, eitt av dei største protestantiske kyrkjesamfunn i Asia, sitt 100-årsjubileum. Høgdepunktet i jubileet var festen den 7. oktober i den vesle byen Tarutung der kyrkja har sitt hovudsete. Tarutung ligg på misjonshistorisk grunn, i hjarta av Silindungdalen sønnafor den namngjetne Tobasjøen. I desse stroki byrja den dramatiske kampen mellom evangeliet og animistisk heidenskap for 100 år sidan. Her vart dei fyrste store slag vunne, og grunnen lagt til eit sigerstog som den evangeliske misjons-soga kanskje knapt kjenner maken til.

Tanken med det som her vert skrive er likevel ikkje å gje eit samandrag av 100-årssoga. Me vil heller prøva å samla tankane serleg om dei 10—20 siste åri, og om mogeleg peika på noko av det som sermerker den situasjonen Batakkyrkja står i ved inngangen til det andre seklet. Men sidan Sumatra ikkje har vore noko norsk misjonsmark, vil det truleg vera nyttig med nokre få historiske merknader.

I

Om lag to norske mil vestanfor Tarutung, ved hovudvegen ned til vestkysten, står det ein gravstein med denne innskrifti: «Hier ruhen die Gebeine der beiden amerikanischen Missionare Munson u. Lyman erschlagen und aufgegegessen im Jahre 1834. Joh. 16, 1-3.» Steinen med denne uhyggelege innskrifti står der og minner om at misjonssoga i Batakland i røyndi går lenger attende enn til 1861. Etter at to engelske baptistar, Burton og Ward, i 1824 utan noko hell freista å få fotfeste i Silindung, ville Mynson og Lyman frå «American Board», Bos-

ton, USA, gjera same freistnad i 1834. Gravsteinen i Lobu Pining fortel med få og skræmelege ord korleis den freistnaden enda.

Dei neste som prøvde seg var nederlandske misjonærar. Men trass i stort mod kom dei ikkje lenger enn til dei sørlege grensestroki av det eigenlege Batakland.

Kva var det så som hende 7. oktober 1861, sidan Batakkyrkja reknar denne dagen som sin grunnleggjingsdag? Fire misjonærar kom den dagen saman til rådleggjing i den vesle landsbyen Sipirok på høgsletta sønnafor Silindungdalen. To av dei var utsendingar frå Det Rhinske Misjonsselskap (RMG), som på generalmøtet i 1860 hadde vedteke å ta opp arbeid i Batakland. Dei to andre var nederlendarar, som no ynskte å samarbeida med tyskarane. Den strategiske planen som vart lagt i Sipirok 7. oktober 1861, gjekk ut på at to mann skulle halda fram i dei sørlege grensestrokk, men dei to hine skulle dra nordetter og atter freista få fotfeste i Silindung. Dermed var slaget om Batakfolket byrja.

Det er vide kjent korleis Gud i åri som kom serleg nytta ein mann, frislendingen L. J. Nommensen. Det er med Nommensen som med dei fleste av Guds store reidskap, visse sermerkte naturlege gåver kan nok forklåra noko av livsverket hans, men i grunnen står ein framføre ein løyndom, som har med Guds nådige styring å gjera.

Nommensen, som kom til vestkysten i 1862, kjende seg straks dregen mot Silindungdalen. Det galdt å koma inn i hjarta av Batakland fortast råd var, for islam truga frå sør.

Motstanden var seig. Animisme, rå kannibalisme og framom alt ei sterk og byrg ættekjensle gjorde batakane mistenksame mot alt som streid mot fedrelovene ('adat'). Men smått om senn måtte desse sterke kreftene gje etter. Guds time var komen. Talet på døypte steig frå 3 i 1861 til 5 188 i 1881.

Men misjonærarane ville nordetter mot Tobasjøen. Dei nederlandske styremaktene sette seg imot, for dei folkerike stredene ved Tobasjøen var enno ikkje under kolonimakti sin kontroll, og fleire batakhoardingar, fyrst og fremst den vidgjetne

Singamangaradja, truga utlendingane på livet. Men i 1881 nådde misjonen fram til Balige ved sørenden av Tobasjøen. Snart sette kristne batar i sine små kanoar over til øyi Samosir på evangeliseringsferd. Når ein tenkjer på kva desse stadnamni står for av eldgamal heidensk tradisjon, så vert misjonssoga frå desse grendene som eit einaste eventyr. Ephorus i Batakkyrkja, dr. J. Sihombing, seier i sitt vesle jubileumsskrift (Sedjarah ni Huria Kristen Batak Protestant, Medan 1961): «Som ein lauseld som ikkje kan stoggast breidde seg Guds ord på den tid.» I 1901 nådde talet på kristne 47 784 og ved ved 50-årsjubileet i 1911 103 528.

1903 er eit merkeår for Batakkyrkja. 16. mars det året kom det eit telegram til Nommensen frå Tyskland. Teksten lydde på eitt ord: «Tole», som tyder «fram!» eller «gå på!» Denne imperativen frå batakpråket var svaret R.M.G. gav på ei bøn frå Nommensen om løyve til å gå over fjelli og inn i Aust-Sumatra med evangeliet. Dermed kjem me inn i Simalungun, den nord-austre luten av Batakland. Simalungunfolket er ei grein av batakfolket med sin eigen dialekt, som ikkje utan vidare vert forstått av Toba-batakane. Men elles er Simalungun etter kvart vorte eit distrikt der dei ymse greiner av batakfolket bur side om side. Dei rike plantasjestrok her på Aust-Sumatra har dei siste 40—50 år drege til seg store folkemengder. Til batakane si ros må det seiast at dei alltid tok kyrkja med seg, når dei flytte. Så har då og ekspansjonen på Aust-Sumatra vore det gledelegaste sermerket i kyrkja si utvikling dei siste 50—60 åri. Framleies ligg eitt av dei mest lovande evangeliseringsstrok på slettene ned mot austkysten.

I jubileumsåret 1961 ligg talet på døypte i Batakkyrkja godt og vel over 750 000.

Dei historiske og statistiske opplysningar som her er framlagde, fortel om ein kristianiseringsprosess som søkjer sin make i misjonssoga. Men einkvar som veit aldri så lite om misjon iblant animistar, vil nok og ana dei kjempeproblem som løyner seg attom den statistiske eventyrglansen. And-

synes desse problemi er det i dag mange som spør om strategien pionermisjonærane slo inn på var den rette. Var det rett å opna kyrkjedørene på vid vegg for «folket» som trengde på med hovdingane i brodden og ba om lærarar, skular og kyrkjer? Ville ikkje, trass i alt, «stongfiske» ha vore sunnare enn dette fantastiske «garnfisket»?

Utan å ta opp dette velkjende misjonsmetodiske spørsmålet i og for seg, må me peika på to faktorar ein må ha i tanken, om ein vil vurdera det som hende i Batakland.

For det fyrste var pionermisjonærane under eit veldig press. Islam trengde på frå sør og hadde alt gjort ein organisert freistnad på å vinna Batakland. Menneskeleg tala er det avgjort at om ikkje batakfolket hadde vorte kristianisert, så ville islam på stutt tid ha teke makti i heile Batakland.

For det andre må ein ha i tanken den sosiologiske strukturen i batakksamfunnet. Grunnelementet er ætti ('marga'). Ættereglane eller fedrelovene ('adat') ordnar og verner alt samliv. Einskildpersonar som måtte koma til å falla utanfor det vern og den orden som 'marga' og 'adat' garanterer, dei er komne i ein umogeleg situasjon.

Så valde då misjonærane å gå inn for å vinna ætte- og landsbyhovdingane fyrst. Tok dei imot «den nye veg», så fylgde undersåttane med. Såleis kunne einskildmennesket verta ståande i den sosiologiske samanhengen der det hørde heime. På det viset vart dei sentrale delene av Batakland på 15—20 år opna for misjonen, og kyrkja kom etter kvart til å få folkekyrkjekarakter. At også pionermisjonærane var klår over det vekkjings- og oppsedingsarbeid som kravdest i og etter masserørsla, det treng ein vel ikkje tvila på.

II

Det er den historiske utviklingi som her er skissert, som meir enn noko anna kastar lys over dei oppgåver og dei problem Batakkyrkja står andsynes i dag. Det er med eitt ord «folkekyrkjeproblematikken» ein møter, dei store massane av døypte og konfirmerte som enno ikkje lever i den Guds kraft

evangeliet er. Dei store sjansane mellom born og ungdom er eit kall som både lokkar og skræmer. Kampen for å betra religionsopplæringi i skulen vert frå månad til månad meir og meir avgjerande. Også i statens skular har kyrkja høve til å gje kristendomsopplæring til sine eigne born og ungdomar.

Kor livsviktig oppsedings- og oppvekkjingsarbeidet i Batak-kyrkja er, kan ein stundom få skræmende døme på. Rett som det er hender det ting som viser at animisma ikkje ligg så langt under den kristne overflata. Det stökk i nokon kvar, når t. d. ein 50 år gamal kristen landsby etter eit ulukkeshende brått hentar fram alle sine gamle tryllemiddel og etter alle kunstens reglar tek dei i bruk for å verja seg mot åndene. Som ein elektrisk støyt lamslo den gamle angest all sunn åndeleg dømekraft.

Tilhøvet mellom 'adat' og Guds ord er eit emne som stendig dukkar opp iblant studentane ved presteseminaret, ikkje berre som eit teoretisk spørsmål, men som eit personleg spørsmål.

Etter statistikken er animisma døyande i Batakland. Animisme er ingen godkjend religion i den indonesiske republikken. Det er i røyndi imot konstitusjonen å vera animist! Men det vil ikkje seia at animisma ikkje lever vidare under kristen eller muhammedansk ferniss.

Men kyrkja har også ein annan front å setja inn på, nemleg mot den moderne sekularismen. På denne fronten, som går tvers gjennom kyrkja sjølv, skal det nok verta mangt eit slag å ta i åri som kjem. Ungdomen strøymer inn til skulesentri der høgare skular like opp til universitetsnivå skyt opp som paddehattar. Som eit døme nemner me at Batakkyrkja sin eigen høgskule, Universitas Nommensen, i haust fekk eit nytt fakultet utan at meir enn eit par av lærarane her ved det teologiske fakultetet visste noko om det, før opningi alt var annonsert i avisene! Ja, så fort gjekk det, at innbydingane til opningshøgtidi ikkje rakk fram til lærarane her, før heile stasen var over. Dersom ein utlending stiller skeptiske spørs-

mål som t. d.: «Har me husrom nok? Har me utstyr? Er driftsbudsjettet sikra?» osv., så vert det som regel svara: «Det får me ordna seinare.» Det det gjeld om i fyrste omgang er å ta imot dei tusentals ungdomar som bryt opp frå landsbymiljøet og søkjer inn til byane. Internat finst det svært lite av. Dei fleste finn seg ei krå hjå slektningar som alt frå før har for lite husrom.

Industrien har enno ikkje for alvor kome til Sumatra. Men planane ligg på bordet, og om ikkje lenge vil kyrkja her som i India og Sør-Afrika stå andsynes dei oppgåver som industri- miljøet stiller.

Lærarane klagar alt over at dei moderne massemedia, serleg filmen, øydelegg ungdomen. «Crossboys» og andre slags «boys» er eit like kjente omgrep i Pematang Siantar som i Oslo. Så langt me skjønar, er det lite som tyder på at kyrkja sin ungdom er mindre påverka av «modernismen» enn annan ungdom.

Ved jubileumsfesten målbar ephorus, dr. Sihombing tydeleg noko av den uro som den eldre generasjon kjenner på framføre alle desse nye og ukjende krefter. Me skal jo ikkje gløyma at det nye har kome så brått at den eldre preste- og lærargenerasjon ikke i sine villaste ungdomsdraumar kan ha tenkt seg noko slikt. Difor ser me då og stundom at dei andsynes den styrlose ungdomen ikkje ser seg anna råd enn å tvihalda på det som galdt for rett og godt i «fornstora dar», så kyrkja fann sine ytringsformer i det meir stabile landsbysamfunnet. Men den tid kjem aldri att. Så er det spørsmål om kyrkja har klårsyn og evangelistisk vågemod nok til å gå dei vegar som må nyttast i det nye Indonesia. Korleis står Batakkyrkja i det heile rusta til å møte dagens og morgondagens store oppgåver?

III

I 50 år vart misjonsarbeidet i Batakland styrt av R.M.G. og deira utsendingar. Fyrst etter 1910 merkar ein at sjølvstendetankar veks fram i kyrkja. Etter Nommensens død i

1918 får fridomselden ny kraft. Dei nasjonalistiske krefter med front mot den kvite mann løynde seg ikkje sjeldan nett-opp attom ein kyrkjeleg organisasjon.

I 1930 fekk kyrkja ei ny kyrkjeordning, som i prinsippet gav batakane kyrkjeleg sjølvstyre. Kyrkja vart av regjeringi godkjend som rettsperson med namnet Huria Kristen Batak Protestant (H.K.B.P.). Men framleies sat ein tysk misjonær i øvste tilsynsembetet (ephorus). Fyrst i 1940 valde H.K.B.P. ein av sine eigne til ephorus. Valet vart gjort av ein omframtsynode i juli 1940, etter at den nederlandske kolonimakti to månader før hadde internert alle tyske misjonærar i Indonesia.

Dei siste 20 åri har då H.K.B.P. stendig vore oppteken med å realisera det sjølvstyret som både konstitusjonelt og organisatorisk er eit faktum. Men det har vore ein vanskeleg start. Fyrst kom fylgjene av at sambandet med tysk misjon vart brote i 1940. Deretter den japanske okkupasjonen, 1942—1945, ei hard tid både timeleg og åndeleg.

17. august 1945 proklamerte Soekarno den indonesiske republikk, og den nasjonalistiske glederus nådde store høgder. Men den nyfødde republikken gjekk inn i ei stormande tid. Det væpna oppgjeret med Nederland 1945—1949 kosta kyrkja store materielle tap. Attpå kom så den indrepolitiske strid og borgarkrig. Batakland var like til i august månad 1961 eit sentrum for motstanden mot sentralregjeringi. Knapt eit halvt års tid har me hatt fred og trygge kår her på Nord-Sumatra.

Slik var dei ytre kår H.K.B.P. skulle starta sitt sjølvstende i. Å gjera opp kyrkjeleg «status» over desse åri, å få eit klårt bilete av vinning og tap, ja, det er ikkje lett. Og kvar veke hender nye og avgjerande ting, som må takast med i situasjonsbiletet. Styremaktene vert ikkje trøytt av å hamra inn at revolusjonen må gå vidare, me lever i «a time of transition».

På vinningssida må i alle fall førast opp det enkle og gledelege faktum at H.K.B.P. kom seg gjennom desse åri utan å gå til grunne. Ja, statistikken synes ein auke i medlemstalet frå 400 000 i 1940 til om lag 760 000 i 1961. Men det kan

ikkje løynast at kyrkja kom ut av ulvetidi med mange postar på minussida. Noko av dette har alt vorte nemnt. Det seier seg mest sjølv at i ein ufredsperiode på 20 år var det uråd å byggja ut dei institusjonar og organ som trengst for å ta imot ein medlemsauke på bortimot 400 000. Så står ein no framføre den kjempeoppgåva å ta att det forsømde i svære ungdoms- og barnekull, som har vore gjennom ei vanskeleg og nedbrytande tid.

Kristen sed og skikk (med rot i tysk pietisme) og som hadde levelege kår i dei meir stabile førkrigsåri er i store folkelag berre eit minne. Sant nok, den eldste preste- og lærargenerasjon har enno sine fine representantar i arbeid, men ein kan ikkje venta at dei fullt ut skal finna seg til rettes i den nye tid. Og dei fell jo bort etter kvart. I hast må kyrkja utdanna og senda ut nye menn. Batakkyrkja har altfor få prestar. Så hender det vel at dei gamle har rett når dei klagar over at kvaliteten ikkje er den same som i gamle dagar. Ein skal ikkje gløyma at presteseminaret i eldre tid valde ut sine elevar frå dei som alt hadde lærarseminar og lærarpraksis attom seg. Dette systemet har ein no gått ifrå. Elevane kjem no direkte frå skuletrinn som skal svara til vår realskule eller gymnas. Dei er unge og ofte svært umodne. Dessutan kjem dei ofte frå skular som på grunn av krigstidi ikkje har kunna gje dei det grunnlaget som ein normalt skulle kunna venta.

Det teologiske fakultetet ved Universitas Nommensen har no 160 studentar som går gjennom 5 års studium. Dette er eit fint tal, men det må aukast munaleg, for å koma ut av den prestenaud kyrkja er inne i.¹

Eit anna problem som dukkar opp m. a. i samband med «mannskapskrise» er finansspørsmålet. Dei nye ferdigutdana årsklassar av lærarar og prestar treng si løn. Dessutan har dei unge nye idear, og går inn for utviding og betring av kyrkja sine arbeidsorgan. Men kvar skal pengane koma frå? Også på dette området har kyrkja hatt dei ytre kår mot seg. Aukande inflasjon har gjort all planleggjing vanskeleg. Men kva som er den eigenlege og avgjerande årsak til pengevan-

skane i kyrkja, det er eit stridens eple. Skriv dei seg frå verkeleg fatigdom eller frå sviktande gjevvarsinn og skral administrasjon? Ute i kyrkjelydane er det vanlege omkvedet: «Me er så fatige.» På den andre sida kan ein t. d. ta fram ei utsegn frå ein utsending frå organisasjonen «Brot für die Welt», som nyleg vitja både Java og Sumatra. Hans ord fall nokså kategoriske omlag såleis: «Med det eg såg i India og Korea i friskt minne, må eg seia: Eg har enno ikkje sett fatigdom i Indonesia.» Ein stad mellom desse ytterpunkti ligg sanningi. I alle høve har leidande menn i H.K.B.P. lagt opp ein 10-års plan, som går ut på at kyrkja innan rimeleg tid skal kunna gjera seg økonomisk sjølvhjelpen. Om denne planen er ein god plan, det er det ulike meiningar om. Men i alle fall syner planen kva ansvarlege menn trur, nemleg at den økonomiske stoda ute i folket ikkje er fullt så ring som det inntrykket ein får frå kyrkjebøkene.

H.K.B.P. lever i eit miljø der nasjonalismen er sterk, for å bruka milde og utslitne ord om eksplosive saker. At det ikkje alltid er endeframt for eit stort kyrkjesamfunn i eit slikt miljø å ta imot finanshjelp frå vest er klårt. R.M.G. og Lutheran World Federation (L.W.F.) gjev årleg store «injeksjonar» til ymse nyreisingsprosjekt, sjukehus, det teologiske fakultet og andre høgare skular, prenteverket o. l. Tanken var at dette skulle vera hjelp til sjølvhjelp. Men skal denne tanken kunna realiserast, lyt kyrkjelydane forstå og gå med på at nyreisning er eit kall til nye krafttak også frå kyrkja si side. For den jamne mann i landsbyen er dette ikkje utan vidare klårt. Han ser at «utlendingen» byggjer fint og godt. Så er det ei gåte for han at ikkje «utlendingen» også kan bera dei forargelege «running expenses» som fylgjer med. Den dagen dei leidande menn maktar å forklåra denne gåta for mannen og kvinna i kyrkjebenken, vil utanlandshjelpi verta mindre problematisk og kanskje, om ikkje alt for lenge, kunna overførast til andre kyrkjer.

IV

Me har så vidt vore inne på det samband H.K.B.P. har med R.M.G. og L.W.F. Litt meir bør seiast om denne kontakten og i det heile om H.K.B.P. sin plass i det mellomkyrkjelege samarbeid. Denne saki har vore og vert stendig mykje diskutert. Også ved jubileet kom spørsmålet fram.

Sambandet med R.M.G. vart teke opp att etter krigen, men sjølvsagt på ein ny måte, som svara til det kyrkjelege sjølvstyret i H.K.B.P. R.M.G. har no 8 mann i arbeid her, 3 ved det teologiske fakultetet, 1 ved den tekniske skulen, 2 i hospitalsarbeid, 1 i ungdomsarbeidet og 1 i evangeliseringsarbeidet i Simalungun.

L.W.F. kom inn i biletet i 1948, då ein indisk lækjar vart sendt til Tarutung for å arbeida ved hospitalet der, altså på ei tid då både tysk misjon og H.K.B.P. sjølv var nokså utarma etter krigen. Før tidi har L.W.F. 4 arbeidarar her, 2 amerikanarar og 1 nordmann ved det teologiske fakultetet og 1 norsk lækjar.

I 1952 vart H.K.B.P. medlem i L.W.F. Frå fyrste stund har det vore litt blåster omkring dette medlemskapet. Frå «strengt» luthersk side har ein reist det spørsmålet om H.K.B.P. — eit barn av det «unerte» (luthersk-reformerte) R.M.G. — verkeleg høyrer med i den lutherske familie. Denne tvilen har og fått tilslutnad frå reformert side, der sambandet H.K.B.P./L.W.F. gjerne vert nemnt som eit reint «fornuftekteskap», ei «dollaravgjerd».

Me kan ikkje her gå inn på dette spørsmålet i og for seg, eit spørsmål som treng roleg og grundig gransking. Berre ein ting bør nemnast: Luthers Vesle Katekisme har like frå pionertidi hatt sin faste plass i religionsopplæringi i H.K.B.P. Me har ikkje høyrte røyster som for ålvor har prøvt å bridga på dette. Det torer vel vera ei nokså utbreidd meining det som frå H.K.B.P. si side vart hevda, då utsendingar herifrå og frå L.W.F. møttest til samtale i India i 1950: «Jamvel om me kan-skje ikkje er 100 % lutheranarar, kjenner me oss likevel sterkare knytt til lutherdomen enn til nokon andre.»

Eit interessant dokument frå den tid samtalane om medlemskap i L.W.F. stod på er den trusvedkjenning som batak-teologar arbeidde ut og som vart godkjend av synoden i 1952.² Men dette dokumentet kan me ikkje gå inn på her.

Det økumeniske spørsmålet kom fram også ved jubileumsfesten. Som ventande var, vart det ført på bane av utsendingar frå det nasjonale kristne råd, Dewan Geredja—Geredja Indonesia (D.G.I.). Dei heldt fram at H.K.B.P. synest vera meir oppteken av sine internasjonale kontaktar enn av sitt økumeniske ansvar for dei andre indonesiske kyrkjene. Seinare i haust har denne kritikken fått klårare adresse, det gjeld serleg H.K.B.P. sitt samband med L.W.F. I D.G.I.-krinsar kjenner ein på at dette sambandet stel noko av den interessa H.K.B.P. skulle ha for sine protestantiske systerkyrkjer i Indonesia. D.G.I. har for tidi 30 medlemskyrkjer med eit samla medlemstal på ca. 2,7 mill.

Også i denne sak skal me vera varsame med å fella kategoriske domar. Spørsmålet vil nok koma fram att. Men personleg har me svært vanskeleg for å tru at røystene frå D.G.I.-krinsane har funne den verkelege årsak til passivitetet H.K.B.P. skal ha lagt for dagen i den nasjonale økumenikken. For kva ein elles måtte meina om sambandet H.K.B.P./L.W.F. eitt synest i alle fall klart: så hjartegripen og engasjert av denne internasjonale kontakten er H.K.B.P. ikkje at interessa for den interkonfesjonelle nasjonale økumenikken skulle lida nemnande skade.³ I så måte var jubileumsfesten symbolsk. Den nasjonale aksent var sterk og klår. Den utlending som kom til Tarutung med noko slags oppskrudde idéar om seg sjølv, måtte bli heller svimeslegen.

Då dei utanlandske gjester heilt på slutten av programmet den siste dagen i høgtidi endeleg kom til med sine helsingar, var den store stadion så å seia tom. Ikkje fordi den jamne mann ikkje gjerne høyrer ein utanlandsk gjest, men fordi krefter og tolmod var oppbrukte, då den «nasjonale» del av programmet var slutt.

Nei, er kritikken mot H.K.B.P. sann, når det gjeld den nasjo-

nale økumenikken, så veg truleg indrekyrkjelege, «non-theological factors» tyngst (teologiske faktorar synest, i alle fall i den praktiske økumenikken her ute, ikkje å spela avgjerande stor rolle. Det måtte då vera at dei mest radikale einskapsidéane har skræmt sume av dei som ynskjer meir moderat fart i denne saki). Ein må ikkje gløyma at Nord-Sumatra lenge har vore svært isolert p.g.a. opprøret. Dessutan er H.K.B.P. sterkt oppteken av administrative og andre vanskelege indrekyrkjelege saker, som krev mykje av tid og krefter.

Det er klårt at H.K.B.P., som representerer bortimot 30 % av det samla medlemstalet i D.G.I., har eit stort ansvar for det protestantiske kyrkjelivet i det heile i Indonesia. Dei internasjonale kontaktar H.K.B.P. har skulle prinsipielt ikkje hindra kyrkja i å ta opp dette ansvaret (ei anna sak er at ingen bør vera likesæl for på kva måte det «nasjonale» i denne tid vert aksentuert). Ei mykje meir avgjerande sak er om H.K.B.P. framleies vil avgrensa seg til å vera ei Batakkyrkje, dvs. ei kyrkje for ein minoritet på ca. 2,5 mill. av 96 mill. indonesarar. Spørsmålet er om ho vil ta sitt misjonskall opp, om ho vil sprengja dei ættegrenser, rasegrenser og språkgrenser som ofte synest gjera kontakten mellom folket innbyrdes vel så vanskelig som kontakten mellom utlending og indonesar.

NOTER

- ¹ Om presteutdanningi i H.K.B.P. sjå R. Alm og L. Schreiner: Pastorsutbildningen för Batakkyrkan (Svensk Missionstidskrift 1961 s. 89 ff.).
- ² Panindangion Haporseaon (Confessie) ni Huria Kristen Batak Protestant.
- ³ Ved samtalanane mellom H.K.B.P. og L.W.F. i India i 1950 kom spørsmålet om det sambandet H.K.B.P. hadde med andre kyrkjer og kyrkjelege institusjonar fram som ei serskild sak. Frå L.W.F. si side vart hevda reint prinsipielt at eventuelt medlemskap i L.W.F. ikkje ville hindra slikt samband.